



ÅRDAL  
HUNDEKLUBB

ÅRSMELDING 2015

<http://www.ardalhundeklubb.no>

## I 2015 har styret i hundeklubben vore samansett slik;

Verv	Namn	Periode
Formann	John Berg	2014/2015
Nestformann	Nina F.H. Hunderi	2015/2016
Sekretær	Laila Røneid	2015/2016
Kasserar	Ingrid Nordbye-Antonsen	2014/2015
Styremedlem	Oskar Seim	2015/2016
Styremedlem	Malin Øvstetun	2014/2015
Vara	Hilde Johanne Myklebust	2015/2016
Revisor	Jette Jørgensen	2014/2015

Malin Øvstetun trekte seg frå styret etter årsmøtet.

I september fekk me melding frå formann John Berg at han trekte seg umiddelbart grunna sjukdom. Det vart konstituert nytt styre og frå september fram til årsmøtet har det vore samansett slik;

Leiar (fungerande)	Nina F.H. Hunderi	Ut 2015
Nestleiar		2015/2016
Sekretær	Laila Røneid	2015/2016
Kasserar	Ingrid Nordbye-Antonsen	2014/2015
Styremedlem	Oskar Seim	2015/2016
Styremedlem	Hilde Johanne Myklebust	2015
Vara		2015/2016
Revisor	Jette Jørgensen	2014/2015

## Valkomite 2016

Leiar	Bente Kristin Sandvik	2015/2016
Medlem	Therese Tvedterås	2015/2016
Medlem	Hilde Johanne Myklebust	2015
Vara	Rune Hunderi	2015

Medlemstalet var pr 31.12.2015 på 116 medlemmar som er ein **auke på 15 medlemmar** sidan førre år.

Det har vore halde 6 styremøter og 1 medlemsmøte.

Medlemsmøtet vart halde i ungdomshuset i Seimsdalen der veterinær Liv Romøren gjekk igjennom kva som var viktig å passe på som hundeeigar. Det var ca 15 medlemmar som møtte opp.

Klubben har fått nytt design på heimesida.

## Økonomi:

Årdal hundeklubb har hatt eit godt år økonomisk sett, og som ein liten organisasjon er vi økonomisk rusta for framtidig vedlikehaldsarbeid og andre naudsynte investeringar.

Klubben ynskjer å ha midlar tilgjengeleg i åra framover til blant anna investering i ny belysning på uteområdet, då dei lysarmaturane som vert nytta i dag skal utfasast på grunn av miljøomsyn.

Dette grunnlaget er no lagt, og klubben kan arbeide vidare med ulike støtteordningar for å få det gjennomført.

På grunn av inntekter frå kurs, samt ulike støtteordningar, har Årdal hundeklubb eit overskot på budsjett for 2015 på kr. 25 426,82.

Mykje av overskotet er takka vera Indre Sogn Sparebank/Gåveinstituttet som vi søkte om midlar hjå hausten 2015. Indre Sogn Sparebank har gitt kr. 20 000,- vinteren 2015, og dei resterande kr 19 000,- vert utbetalt i 2016 når klubben får faktura på kjøp av nytt agilityutstyr.

Klubben har hatt totalt kr. 66 108,25 i inntekter, og kr 36 320,44 i utgifter. Dette gjev eit positivt driftsresultat, før renteinntekter og kostnader på kr. 29 787,81 for 2015.

## Kurs:

I 2015 har det vore halde 3 kurs i klubben sin regi.

**Grunnkurs** i Agility med Marit Velta som instruktør og ho gav god inspirasjon til 9 heilt ferske deltakarar.



**Handlerkurs** Agility med Mona Tvervåg og Kurt Ove Steinset som instruktørar. Kurset var for vidarekomne og det var 6 deltakarar frå klubben som hadde ei lærerik og kjekk helg.


**Kvelpekurs** med Nina Merete Sandvik som instruktør og Oskar Seim/Laila Røneid som hjelpeinstruktører. Det deltok 4 kvelper med eigarar på kurset som gjekk over 5 kveldar. Siste kveld på kurset var det høve for alle saman å vere med til veterinær Liv Romøren for ein gjennomgang av kva som var viktig å passe på med kvelpen.

Takk til veterinær Liv som sporty stiller opp for hundeklubben når vi spør ho!

### **Fotokonkurransse:**

Det vart lyst ut fotokonkurransse der vinnaren fekk vere framsidebilde på heimesida og Facebook-sida til hundeklubben.

Vinnaren vart Fredrik Mathisen med dette biletet;



### **Aktivitatar og trening**

To ettermiddagar i 2015 har vore sett av til dugnad på klubbområdet. Det var ikkje det heilt store oppmøtet, men dei som var der fekk gjort ein god del.

Me har delteke med eigen stand på Fjord til Fjell dagane der den som ville kunne få prøve seg på Agility og rallylydigheit.

Det har vore faste treningar for kvardagslydigheit, konkurranselydigheit, rallylydigheit og agility. Varierende deltakartal på treningane og agility er vel den aktiviteten som trekker flest ut på trening.

I haust fekk med gladnyheit frå Indre Sogn Sparebank sitt gaveinstitutt. Klubben fekk kr 39 000,- til innkjøp av nytt agilityutstyr. Utstyret er bestilt og når dette er på plass så kan me starte opp igjen barnegruppa. Da er AG-utstyret så oppdatert og sikkert som det skal vere.

***Styret takkar for innsatsen i 2015 og ynskjer alle vel møtt til  
aktivitatar og kurs med sine trufaste firebeinte i 2016.***